





ETIKK I HELSE FØRDE

Møte i Felles brukarutval i SoF
Helge Sårheim, leiar i Klinisk etikkomitè



Nokre definisjonar

- Kva er etikk?
- Ofte nemnt saman med moral



Moral

- Haldningar, verdjar og normer
- Om rett og gale, godt og vondt (td. gale å drepe)
- Formar dømmekraft, handlingar og korleis vi oppfattar ein situasjon



A close-up photograph of wooden Scrabble tiles on a wooden surface. The tiles are arranged to spell out the word "ETHICS" in a wooden rack. The letters are E (1 point), T (1 point), H (4 points), I (1 point), C (3 points), and S (1 point). Other tiles with letters like J, W, P, Q, Y, F, A, and D are scattered around the rack.

Etikk

4

- Handlar om å ta eit steg tilbake og vurdere vår eigen eller andre sin moral
 - *Kva grunnar har vi for våre moralske oppfatningar*
 - *Kva talar i mot?*
 - *Burde vi tenke annleis?*
- «Systematisk refleksjon over moral»

Norm

- Reglar som vegleiar handling
- Ulike slag: faglege, grammatiske, moralske, juridiske
- Moralske normer
 - *Generelle*
 - *Allmenngyldige*
 - *Har ofte forrang framfor andre normer - då vi ser dei som spesielt viktige*



Verdiar

- Noko godt – noko som er verdt å streve mot
- Moralsk ideal; toleranse, solidaritet
- Kan òg brukast om moralske normer (t.d. respekt for pasientens autonomi)
- Kan òg vise til goder for mennesket; liv, helse, venskap, kunnskap
- Etisk prinsipp kan bli brukt synonymt med verdi i betydninga moralsk ideal og moralsk norm



Verdinøytral helseteneste?

- På visitten går overlegen og du (LIS) til 90 år gamle Anna, innlagt med uhelbredeleg kreft med spreining. Ho har hatt langt opphald, dels pga at ho ventar på sjukeheimsplass. I dag er ho medteken, varm i huda og pustar raskt. CRP har auka frå 26 til 152 og det er framandlydar på lungene. Klinisk diagnose er pneumoni, overlegen ordinerer antibiotika.
- Ute på korridoren spør du overlegen: «Orsak, men er det så sikkert at det er rett å behandle? Kva med etikken i dette?»
- Overlegen svarar: «Ho har pneumoni. Behandling av pneumoni er ikkje eit etisk, men fagleg spørsmål, og behandlinga for lungebetennelse er intravenøs antibiotika.»

- Vi summer saman 3 minutt over dette
 - *Er dette eit fagleg spørsmål eller eit spørsmål om etikk?*
 - *Kva talar for – kva talar mot?*



Eit par refleksjonar frå gruppene



- Helsetenesta
 - *Er til for å fremje viktige verdiar – liv og helse - gjennom helbrede, lindre, trøyste og forebygge*
- Alle pasientretta avgjerder er verdilada
 - *Vi tek ei avgjerd om middel, t.d. antibiotikabehandling*
 - *Det er eit formål; t.d. behandling av lungebetendelse*
 - *Innbakt ligg ein verdidom: det er godt å behandle pasienten for lungebetendelse*
- I kvardagen er det ikkje kontroversielt – då får vi gjerne ikkje auge på verdivalet

Etisk problem

- Når normer eller verdier står i motsetning til kvarandre
- Tvil, utryggleik eller usemje om kva som er rett og godt



Etisk dilemma



12

- Det finnst ikkje noko fullgod løysing på problemet
- Viktige verdier vert skadelidande uansett kva løysing vi vel

Moralsk stress



13

- Negativ oppleving hos helsepersonell når ein blir hindra i å gjere det ein meiner er rett (eller best) i ein situasjon, eller når ein står overfor eit moralsk dilemma der ingen av løysingane er optimale

Fag versus etikk

Fagleg problem

- Fagleg usemje/utryggleik som skapar problemet
 - *Usemje om ei gitt behandling kan tenkast å ha effekt eller ikkje*
 - *Usemje eller utryggleik knytt til faglege premissar*
- Handlar om kva som er sant

Etisk problem

- Verdivurderingar gjev opphav til usemje/utryggleik
 - *Viktige verdiar står på spel – kanskje mot kvarandre*
- Problema knytt til etiske premissar
- Handlar om kva som er rett og godt

Klinisk etikkomiteè i Helse Førde

- Leiar: overlege Helge Sårheim, i Palliativt team ved Kreftavdelinga
- Føretaksjurist Bård Eikeset
- Sjukehusprest Helene Langeland
- Brukarrepresentant Magne Sellevold
- Sjukepleiar Ingunn Heggstad, Lærdal
- Overlege Rune Larsen, AAM, kir avd
- Sjukepleiar Wenche Hårklau, intensiv
- Overlege Rune Tilseth, medisin
- Sosionom Hanne Østenstad, psyk
- Overlege Jon Arnestad, Eid
- Sjukepleiar Vigdis Å Sæterlid, pall t
- LIS-lege Nikolai Fuglseth, psyk
- Sjukepleiar Elin Bruland, medisin
- Overlege Ole Magnus Kapstad, psyk
- Områdeleiar John A Ellingsund, ambulansetenesta
- Sekretær: Irene Barmen Hoel, stab

Oppgåver:

- Stimulere til systematisk etisk refleksjon blant tilsette i føretaket
- Vere til hjelp ved drøfting av konkrete etiske utfordringar

Klinisk etikkomiteè

- I alle helseføretak
- Oppnemnd av administrerande direktør, 3 år
- Leiar, godtgjerdslø, budsjett, sekretær

- Fysiske møte, høve til å møte digitalt
- 2021
 - 8 + 1 møte
 - Miniseminar
 - Kurs, førelesning/føredrag/undervisning/ERG
 - Minst 1 fredagsførelesning i året med etikk på dagsordenen

Saker

- Melde til leiar, sekretær eller andre
 - *Gjerne fastlåste saker (ønskje om iv næring)*
- Ofte fanga opp av leiar (eller andre)
 - *I bilen (JW)*
 - *Telefon med ønskje om råd (tvang)*
 - *Feilringing frå kompis (svangerskapsønskje)*
- Alle i Helse Førde kan melde inn
- I tillegg har kommunane i vårt nedslagsområde fått tilbod om å melde inn saker

- Haustmøtet til SME
 - *Gjenopptaking av sak*

- Ei av dei vanlegaste problemstillingane vi møter er
 - *Når er nok nok?*
 - *Er det rett å avgrense livsforlengande behandling?*

- Martin er ein 79 år gamal einsleg mann innlagt på medisinsk avdeling. Han har ikkje noko hjelp, har framstått velstelt og ein har sett han i bybiletet på sine daglege turar. No vart han innlagt etter å ha hangla siste par vekene, og det vart teke CT som gjev mistanke om ein tumor i urinvegane og metastasar til lunger og binyre. Det er tinga ultralydvegleia biopsi, men på røntgen nektar Martin vidare undersøking.
- Etter dette er Martin inneslutta, nektar vidare behandling, seier at han er så gamal no at han er nøgd og ber deg respektere si avgjerd. Han vil ikkje snakke med deg, held dels for øyrene og ser vekk. Han nektar deg òg å ta kontakt med den næraste slekta og vil ikkje bry dei.
- Onkolog har vurdert tilvising, men ikkje sett pasienten. Med denne typen kreft med spreining kunne ein i beste fall tenke seg at cellegift kunne gje ei livsforlenging på 1-2 år, men mest truleg mykje kortare. Det vil sjølvsagt vere risiko for bivirkningar.

Er Martin samtykkekompetent?

22

- Kva talar for – kva talar mot?
- De kan summe litt i gruppene om dette i 10 minutt



Nokre moment å egge vekt på:

Vurdering av samtykkekompetanse ved den som er ansvarleg for helsehjelpa

Martin synest å forstå at det er gjort alvorlege funn på CT

Han anerkjenner at han er alvorleg sjuk

Her er det vanskeleg å vurdere resonneringsevne, men at han seier han er «så gamal at han er nøgd» kan peike mot dette. At han held for øyrene og snur seg vekk kan peike mot regresjon og ein må spørje seg om dette er ein depresjon med psykose

Han uttrykker tydeleg at han har gjort eit val





24

Eit par refleksjonar frå gruppene